



Etter at plassen hadde vorte rydja på dugnad, vart det i går grave og planert.

I førstninga av juni vart Korsnes Vel tildelt 10.000 kr frå Kvinnherad Energi As til opparbeiding av leikeplass i Syne. I tillegg har Korsnes Vel sett av 30.000 til føremålet. No er arbeidet godt i gang. Det har vore avvikla dugnad, og i går var to mann frå Bødr. Musland Maskin på plass og gjorde vidare grave- og planeringsarbeid samt vekkjøring av lausmassar.

Det var dei to Uskedalsungdommane Stian Sebastian F. Enæs og Jone Rørheim Kjærland som var i arbeid for Brødr. Musland. Dei starta frå morgonen av, og ut på dagen hadde dei grave vekk lausmassar og kjørt desse vekk. Bergest var reinska og nedre del var planert.

Etter kvart skal det kome på plass ulike leikeapparat, og det vil verta ein kjærkomen og trygg leikeplass, noko som småbarnsforeldre set stor pris på. Leikeplassen som til no har vore brukt ved ballbingen, ligg i eit område med mykje trafikk.

- Vi ser for oss å handla inn dissestativ, bygge sandkasse og vippe. Sklie, benker og båt vil vi ha på plass og, sa Silje Øye i Korsnes Vel om dei vidare planane for litt sidan.

Dei vil også sjå om dei kan få laga til ein gapahuk med plass til bålpanne, slik at det vert ein samlingsplass for både små og store.

Det er veldig kjekt å sjå at gode planar vert sett så fort i verk.



[Her ser vi resultatet av torsdagens arbeid.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland